



Landbruks- og matdepartementet
boks 8007 Dep

0030 OSLO

Vår ref.
10/861-2/K2-V31//ABOL

Dykkar ref.

Dato:
Florø: 29.04.2010

FORSLAG OM FORBOD MOT NYDYR KING AV MYR - HØYRINGSUTTALE

Flora kommune vil på det sterkaste gå imot framlegget om forbod mot nydyrking av myr.

Det vesentlege av dyrkingsjorda i vårt distrikt er myrjord. Vi har gode erfaringar med dyrking av myr som ligg på sand/ grus. Med gode landgrøfter rundt og omgraving i feltet med iblanding av sand og torv får vi gode, bæresterke og stabile jordbruksareal der vi dyrkar gras og grovforvekster. Permanent eng bind og tek opp klimagassar gjennom vekstsesongen.

Vi treng nydyrking av myr til utvikling av landbruket på kysten for bygging av robuste driftseiningar for eit framtidig landbruk også hos oss med dei rammevilkåra som småskala kystlandbruk har hatt dei seinare åra.

Vi viset til at norsk landbruk har 2,5 mill da ”leigejord” i Brasil og Afrika. Dei vil snart trenge areala sjølv til eiga befolkning. Vi treng å styrke vårt eige produksjonspotensiale og erstatte denne leigejorda med eigne areal og slik ta større ansvar for eigen matvareproduksjon.

Vi viser til at kornlagera er avvikla og matvareberedskapen vil kunne bli stilt på prøve før ein anar, jfr vulkanutbrotet på Island nyleg.

Flora kommune vil på det sterkaste gå imot eit forbod mot nydyrking av myrjord.

Med helsing

Annlaug Bolstad
Jordbrukssjef